


Nordfjord Golfklubb Årsmelding for sesongen 2005.



Styret i Nordfjord Golfklubb si årsmelding for sesongen 2006

Årsmøtedato 02. februar 2007

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Arbeidsplan for 2007.
6. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.
7. Fullmakt til låneopptak.
8. Val av leiar.
9. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar.
10. Eventuelt.

Styret i 2005

| | | |
|--------------|---|-----------------------|
| Leiar | : | Kent Roger Tryggestad |
| Nestleiar | : | Tom Skjerven |
| Sekretær | : | Knut Rønnestad |
| Kasserar | : | Helge Haugland |
| Styremedlem | : | Bodil Rasmussen |
| Styremedlem | : | Dagfinn Gjerde |
| Styremedlem | : | Trond Kroken |
| Grunneigarar | : | Gitta sas ter Stege |
| Grunneigar | : | Svein Fjørtoft |
| Varamedlem | : | Sonja Borhaug |
| Varamedlem | : | Elias Nes |

Styremøte er halde jamleg gjennom heile året.

Valprotokoll 2004 – 2006:

| Gruppe | Verv | 2004 | 2005 | 2006 | På val |
|--------|------------|-----------------|-----------------|-----------------|--------|
| Styre | Leiar: | Kent Tryggestad | Kent Tryggestad | Kent Tryggestad | 2007 |
| | Nestleiar: | Tom Skjerven | Tom Skjerven | Tom Skjerven | 2007 |
| | Sekretær: | Knut Rønnestad | Knut Rønnestad | Knut Rønnestad | 2007 |
| | Kasserar: | Pål T. Jacobsen | Helge Haugland | Helge Haugland | 2007 |
| | Medlem: | John M. Garlid | Dagfinn Gjerde | Dagfinn Gjerde | 2007 |
| | Medlem: | Åse Skaugseth | Åse Skaugseth | Bodil Rasmussen | 2008 |
| | Medlem: | | | Trond Kroken | 2008 |
| | Medlem: | Gitta ter Stege | Gitta ter Stege | Gitta ter Stege | - |
| | Medlem: | Svein Fjørtoft | Svein Fjørtoft | Svein Fjørtoft | - |
| | Vara: | Tove Skau | Tove Skau | Sonja Borhaug | 2008 |
| | Vara: | Torbj. Jacobsen | Torbj. Jacobsen | Elias Nes | 2008 |

| | | | | | |
|--|---------------|---|---|--|--|
| Grønt kort- Handikap kom. | Leiar: | Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad | Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad | Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad | 2007 2007 2007 |
| Marknads- gruppe | Leiar: | Tom Skjerven Rune Sunde Helge Haugland Kari Hjelmeland | Bjørn Lien Rune Sunde Helge Haugland | Trond Kroken Bjørn Lien Gunnar Olsen | 2008 2007 2008 |
| Bane-komité | Leiar: | John M. Garlid Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Dagfinn Gjerde Svein Fjærtøft Stephan ter Stege | Dagfinn Gjerde John M. Garlid Elias Nes Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Svein Fjærtøft Gitta ter Stege | Dagfinn Gjerde John M. Garlid Elias Nes Ivar Bj. Nord Tore Naustdal Svein Fjærtøft Gitta ter Stege | 2007 2007 2007 2008 2008 - - |
| Sports- komité | Leiar: | Knut Rønnestad Øystein Nesse Jan Skogstad Torodd Nord Torbj. Jakobsen | Jan Skogstad Knut Rønnestad Tore Naustdal Torodd Nord Torbj. Jakobsen | Gitta ter Stege Knut Rønnestad Jan Skogstad Torodd S. Nord | 2008 2007 2007 2007 |
| Dame-komité | Leiar: | Åse Skaugseth Torill Fjærtøft Tove Skau | Åse Skaugseth Torill Fjærtøft Tove Skau Gitta ter Stege | Bodil Rasmussen Kari Bergheim Cindi Rasmussen Torill Fjærtøft Gitta ter Stege | 2008 2008 2008 2008 2007 |
| Idrettsrådet | | Torill Fjærtøft | Torill Fjærtøft | Torill Fjærtøft | 2007 |
| Skulekontakt | | | | Martin Larsen | 2008 |
| Revisor | | Rune Totland | Rune Totland | Rune Totland | |
| Valnemnd | Leiar: | Erling Hjelle Per Jan Nesbakk Øystein Nesse | Erling Hjelle Per Jan Nesbakk Einar M. Sandven | Einar Sandven Per Jan Nesbakk | 2007 2007 |

Medlemar

I 2006 enda medlemstalet på 1040 medlemmar. Styret venta ein nedgang i løpet av sesongen og dette viste seg å halde stikk. I 2005 hadde vi 1260 medlemmar, men inntektssida var kompensert med den vesle kontingentaugen som årsmøtet vedtok før 2006 sesongen. Det kan virke som om konkurransen om medlemmane strammar seg til og at enkelte klubbar i austlandsområdet no tilbyr medlemskontingentar som kan konkurrere med oss.

Vår daglege leiar, Gitta ter Stege, har gjort ein svært god jobb med oppfølging av medlemsmassen. Rask service viser seg å vere ein viktig faktor for mange av medlemmane, som år etter år melder seg inn i Nordfjord Golfklubb. For mange av medlemmane er rask og god service vel så viktig som prisen.

Dagleg leiar sin rapport om sesongen 2005:

Generelt:

Eg synes at vi har ein hyggelig og god sesong bak oss. Vi var heldige med både tilsette og medlemstalet, som til slutt blei litt høgare enn det vi hadde forventa. Ved årsskiftet hadde vi 1040 medlemmar, av desse er ca. 125 aktive lokale medlemmar.

I løpet av sesongen vart det arrangert 3 grøntkortkurs, med over 35 deltakarar til saman. Alle deltakarane besto teorikurset, noko som viser at kursleiarane våre er dyktige og har eit godt pedagogisk opplegg. Dei fleste

som prøvde seg på den praktiske delen klarte også denne, men nokre må freiste på nytt i 2007. Av dei 35 deltakarane som deltok er det 21 som har meldt seg inn i Nordfjord Golfklubb. Dette viser kor viktig det er å halde grøntkortkurs og at klubben klarer å følgje opp dei nye medlemane våre.

Det vart selt 9 andelar i 2006.

Styret:

Samarbeidet i styret var veldig godt også i 2006. Alle var motiverte og det viste seg i løpet av sesongen ikkje å ha vore forgjeves. Både økonomisk og på sjølve bana var det stor framgang. Pengar på bok og greenane i toppform! Sjølv sagt er det alltid nokre ekstra punkt på ønskelista, men etter nokre stride år med bygging av bane, kan vi være storfornøgde med sesongen.

Konkurransane og "Sommarlaget" vart ein god medisin og eit viktig tiltak som mange ønskte velkomen. Det er viktig å ha faste dagar som trekkjer til seg spelesugne golfarar. Sommarlage blei ein slager som skal gjentakast i 2007.

Skulegolf/ Knøttegolf:

Særskilt før sommarferien, i mai og juni, var det stor pågang i skulegolfen. Styret har fleire kontaktar i barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule som nytter drivingrangen flittig. Nokre elevar har tatt grøntkortkurs og har blitt stolte grøntkortspelarar.

For neste sesong planlegger vi enno fleire aktivitetar mot "Golf i Skulen", og vil freiste å få golf integrert i gymnastikkundervisinga og i midttimane (på ungdomsskulen). Dette vil krevje oppfølging med integrert grøntkortkurs for å få elevane til å etter golfen sine tryggingreglar og etikette.

Vi er svært nøgde med deltakartala på knøttegolfen. Vi starta som vanleg 1. mai og held fram til omlag 15. juni. I gjennomsnitt deltok 8 knøtter under kyndig vegleiing av Jan Skogstad. Jan klarer å instruere knøttene på ein entusiastisk og motiverande måte. Kvar enkelt får instruksjonar på sitt eige nivå.

Nybyrjargolf:

Etter teorikursa som vi heldt i mai og i august, hadde vi nybyrjarar med oss på bana i 6 veker, som ein introduksjon til golf og førebuing til praktisk prøve. Vi la trykk på at dette ikkje var noko kurs, men et tilbod for øving på bana under tilsyn av meir rutinerte spelarar.

Til neste sesong vil vi prøve å gje eit meir individuelt og personlig tilbod og vil freiste å få til ei fadderordning, der f.eks. ein nybyrjar vert kopla til ein spelar med kvitt- eller grøntkort.

Damegolf:

Det viste seg at damene har behov for sin eigen damekveld utanom "Sommarslaget". Damene vil framleis delta på "Sommarslaget", men for å få med også dei som ikkje har prøvd seg på golfbana så ofte, ønskjer damegruppa å starte med damegolf på torsdagane. Vi har 37 kvinnelige lokale medlemmer, så her kan vi få til ein flight på kvart hol i 2007 !

Bedriftsgolf:

Vi arrangerte bedriftsgolf for 3 ulike bedrifter i 2006. Dette viste seg å vere svært moro for dei som deltok: DNB Nor, Normatic og Psykiatrisenteret. Ved hjelp av nokre dyktige medlemmar fikk dei smake litt på kva golf dreiar seg om. Ein av deltakarane meldte seg inn i klubben i tillegg til at det vart litt sponsorpengar til kassa. Psykiatrisenteret ønskjer eit samarbeid med golfklubben også i 2007 (kurs etc).

Tilsette:

Olav Ommedal tok seg av greenane, som sjølvstøtt treng litt ekstra pleie. Etter instruksane frå banekomiteen og greenkeeper Elias, har han gjort ein svært god jobb. Olav kjem til å halde fram hos oss i 2007.

Per Åge Wahlberg jobba også for golfklubben i sommar. Etter litt opplæring viste han også å vere ei god hjelpande hand for oss.

Elles vil eg takke alle for eit triveleg samarbeid i 2006 og takkar alle som stiller på når det trengs. Tusen takk for hjelpa! Eg er viss på at det gode samarbeidet vil halde fram også komande sesong.

Gitta Sas ter Stege

Dagleg leiar

Marknadsgruppa

Marknadsgruppa har merka at det er ein pressa sponsormarknad på Eid og at det er vanskeleg å få med seg dei sponsorane som ein kan forvente har interesse av å støtte golfklubben.

Marknadsgruppa gjorde ein svært god jobb i 2006- sesongen og fikk inn meir sponsormidlar enn det styret hadde venta.

Banegruppa

Sesongen 2006

Planane for 2006

Planarbeidet mot 2006- sesongen starta ambisiøst. Vi planla å vidareutvikle golfbana til å bli enno eit hakk betre enn det den vart i løpet

av 2005- sesongen. Vi ønskte å lage fairway bunkerar og å senke eksisterande greenbunkerar. Greenbunkerane er for lave inn mot greenane og gjev ikkje dei utfordringane som ein green skal gje. Dette arbeidet vil også betre på problemet med overflatevatn som renn inn i bunkerane. Vidare hadde vi ønskje om å forbetre utslagsrampane, slik at heilskapsinntrykket vart betre. Det vart også lagt planar om nokre nye vegar på bana i tillegg til at vi skulle gruse opp dei eksisterande vegane. Planering av området rundt 9. green pluss fairway var også med i planane. Vi ønskte å oppgradere drivingrangen. I samband med byggeaktivitetane til Stokkenes Gjestegard var det planlagt graving over drivingrangen, så desse planane vart raskt lagde på is.

På grunn av den økonomiske situasjonen til golfklubben valde styret å køyre "på stram line" i 2006 og dei fleste av banegruppa sine planar vart sterkt amputerte. Likevel vart det utført ein god del arbeid som ikkje kravde særleg mykje investering.

Utført arbeid i 2006:

Det vart utført ein del rydding av skogen rundt greenane 2, 3, 4 og 6. Dette vart utført som dugnad på vårparten, men banegruppa synes oppmøtet var for dårlig. Totalt møtte berre 10-12 personar på dei dugnadane som vart arrangert og **banegruppa oppmodar alle aktive lokale medlemar til å stille opp for å gjere sin skjerv !**

Banegruppa sette opp plan for klipping av fairway, green og rough. Erfaringane utover sesongen viser at det også bør lagast instruksar for vedlikehald av bunkerar, slåing av skråningar og rydding ved kanalen etc.

I sesongen vart det tilsett 2 personar til å utføre naudsynt klipping og vedlikehald av bana. Banegruppa vil gje Honnør til dei som vedlikeholt bana i 2006 sesongen, mykje godt utført arbeid sett utifrå det dei hadde å hjelpe seg med.

På haustparten var dugnadsgjengen i gang att og med utstyr lånt frå golfklubben i Volda vart alle greenane vart lufta.

Generelt:

Stokkenes Gjestegard hadde store byggeaktivitetar på gang gjennom heile sesongen. Parkeringsplassen vart eit anleggsområde noko som vi sjølv sagt var klar over. Vi ser fram til den dagen vi får eit ryddig og pent inngangsparti til golfbana !

Økonomien i klubben var vanskeleg og med den stramme lina som styret valde, fikk banegruppa lite midlar til å gjennomføre planlagde aktivitetar. Banegruppa la om strategien frå å vidareutvikle til å freiste å halde bana på 2005- nivå. Vi føler at det viktigaste er at golfspelarar skal vite at Stokkenes Golfpark alltid er ei velstelt og flott golfbane. Vi ønskjer at gjestespelarar skal få ei fin oppleving på golfbana.

Planane for sesongen 2007

Banegruppa har allereie haldd fyrste strategimøte for sesongen 2007. På møtet vart vi einige om eitt hovudmål: *Gjere Stokkenes Golfpark så attraktiv som mogleg, for å trekkje enno fleire gjestespelarar til bana.*

- Hovudmål: "Finish" (...ting skal sjå godt ut !)
- Grusing av eksisterande veger
- Utbetre, lage veg frå green 9, opp bakken.
- Lage veg ned til utslag 5 frå green 4.
- Nye utslagsrampar.
- Fjerning av underskog og kratt.
- Drenering av fairway og område rundt utslag 9 (påbyrja)
- Påfylling av jordmassar rundt green 9.
- Planering av fairway 9.
- Heve nivå rundt av eksisterande bunkerar
- Utskifting av sand i bunkerane, evt. påfylling der det trengs
- Sprøyting for ugras på heile golfbana.
- Oppgradering av drivingrange, nye utslagsrampar etc.
- Plantning av tre ved fairwayar
- Fairway bunkerar.
- Påfylling av masse mellom green 4 og utslag 5
- Planere skråning ved green 9
- Utslagsskilt må festast ordentleg (senkast), torv på tak (gjeld alle)
- Alle greenane må dressast

Prioritering av punkta kjem vi tilbake til. Kor mykje av tiltaka som vert iverksett er avhengig av ver, økonomi etc.

Året 2006 vart det tilsett 2 personar for å ta det mest naudsynte vedlikehaldet av golfbana. Banegruppa meiner dette bør aukast til 3 personar i høgsesongen (juni, juli og august). Erfaringane frå tidlegare syner at denne tida er svært krevjande med omsyn til klipping og vedlikehald.

Banegruppa vil lage gode instruksar for dei som vert tilsett for å jobbe på bana, men vi vil igjen poengtere at dei lokale medlemmane må stille på dugnader som vert sett opp. **Ei god golfbane lagar seg ikkje sjølv !**

Banegruppa meiner sesongen 2006 vart ein vellukka sesong og vi set oss nye mål for året vi no er inne i. Vi ønskjer alle velkomen til ein ny golfsesong, der vi vonar at alle medverkar til at vi får ei golfbane å vere stolte av !

Dagfinn Gjerde
leiar i banegruppa

Konkurransar

Sommarslaget

Sommarslaget vart ein definitiv suksess. Heile 35 spelarar deltok på stableford- konkurransen, medan 20 spelarar deltok på lag- scramble konkurransen.

Klassevinnarane, stableford:

| | |
|----------------------|------------|
| Åse Skaugseth | damer |
| Jon Vegar S. Sunndal | gutar jr. |
| Helge Bruvoll | herrar sr. |
| Jan Skogstad | herrar |

Vinnaren av lag- scramble vert Tore Naustdal

Skramblebytta

Søndag 04. juni arrangerte Nordfjord Golfkubb den årvisse Skramblebytta. Til denne lagkonkurransen stilte heile 28 deltakarar, med gjestespelarar frå både Vanylven GK, Selje GK og Stiklestad GK.

Den siste tida hadde det regna, men søndagen fikk vi også glimt av sol. Bana var i fin trim og alle treivst i Stokkenes Golfpark. Konkurransen blei jamn med berre 3 slag som skilde dei 3 fyrste plassane. Spelarane på laget som vant: Stig Høyenes, John Matias Garlid, Erik Kjærsgard og Ingvar Brekke signerte tradisjonen tru, kvar sin ball og fikk plassere desse i pokalen. Det året det ikkje er plass til fleire ballar i staupet, vert pokalen høgtidleg overrekt til den spelaren som har dei fleste ballane i pokalen.

Meir i biletarkivet i slutten av årsmeldinga .

Maurstad open

Søndag 06. august arrangerte Nordfjord Golfkubb den årvisse Maurstad open, for andre året på rad. Toralv Maurstad som er namnefar til konkurransen var også med i år og gratulerte Nordfjord Golfklubb med det fine anlegget i Stokkenes Golfpark.

Sommaren har vore fin på Eid og søndag vart ikkje noko unnatak. Sjølv om skyene trua med regn og vinden bles i sterkaste laget vart det ein fin dag i Stokkenes Golfpark. Banegruppa har haldt bana i fin trim i heile år og tilreisande skraut av tilhøva på bana.

I kampen om vandrepokalen vart det også i år heimesiger. Nordfjord Golfklubb fikk sitt andre napp i pokalen med 117 poeng (Alf Werner Karlsen, Helge Bruvoll og John Matias Garlid). Pokalen blei overlevert av Toralv Maurstad.

Meir i biletarkivet i slutten av årsmeldinga .

Klubbmeisterskapen:

Søndag 20. august vart det arrangert ope klubbmeisterskap i Stokkenes Golfpark. Etter 18 spelte hol var Jan Skogstad og John Matias Garlid heilt like med 74 brukte slag. Dermed måtte det omspel til for å kåre klubbmeisteren i herreklassa. Her viste John Matias seg som den beste golfaren og vann med minst mogleg margin. I dei andre klassene blei følgjande spelarar klubbmesterar: Åse Skaugseth (damer), Malin Kolseth (damer junior) og Øyvind Bjørlo (herrar junior). I herrar senior delte Per Bergheim og Per Jan Skogstad gullet.

Resultatliste Klubbmeisterskapet 2006 i Nordfjord Golfklubb

Herrar

| | |
|----------------------|-------------------|
| 1 John Matias Garlid | 74 (etter omspel) |
| 2 Jan Skogstad | 74 |
| 3 Tore Naustdal | 78 |
| 4 Kent Tryggestad | 79 |
| 5 Jens Kongsvoll | 81 |
| 6 Helge Haugland | 85 |
| 7 Dagfinn Gjerde | 88 |
| 8 Arild Hjelmeland | 99 |
| 9 Erik Kjærsgard | 105 |
| 10 Gunnar Kolseth | 106 |
| 11 Ottar Nes | 112 |

Herrar Senior

| | |
|----------------------|-----|
| 1 Per Bergheim | 87 |
| 1 Per Jan Nesbakk | 87 |
| 3 Helge Bruvoll | 88 |
| 4 Per Lindroth | 90 |
| 4 Jostein Aarskog | 90 |
| 6 Bjørn Lien | 94 |
| 7 Øystein Nesse | 97 |
| 8 Svein Erik Bjørgan | 107 |

Herrar Junior

| | |
|-------------------------|-----|
| 1 Øyvind Bjørlo | 103 |
| 2 Jon Vegar Sole Sundal | 112 |

Damer

| | |
|-----------------|-----|
| 1 Åse Skaugseth | 102 |
|-----------------|-----|

Damer Junior

| | |
|-----------------|-----|
| 1 Malin Kolseth | 148 |
|-----------------|-----|

Meir i biletarkivet i slutten av årsmeldinga .

Sportskomiteen vil takke alle som har delteke i konkurransar og på arrangement gjennom 2006- sesongen og inviterer til nye dyster i året som kjem.

Styreleiaren har ordet:

Sesongen 2006 var eit godt år for klubben, vi fikk snudd den vanskelege økonomiske situasjonen frå underskott i 2005 til overskott for sesongen 2006, i begge selskap. Dette er særst gledeleg.

Tippemiddelsøkna den ligg i framleis køa og vi kan tidlegast vente utbetaling i 2010. Utfordringa for styret er framleis å ha sterk økonomistyring.

Vi har store behov for nytt materiell framover og det blir nok å bruke pengane på. Takka vere godt vedlikehald har vi klart å halde maskinene i gang, men noko av utstyret vårt er snart klart for utskifting. Av tyngre utstyr kan vi nemne fairway- klipparen.

Antal medlemmar vart omlag som budsjettet, men viser stadig trend til å synke. Her må oppgåva for alle vere å prøve å få med fleire lokalt !

Vi har også vedtatt å leige kontor i det nye bygget til Stokkenes Gjestegård. Dette har blitt eit kjempeflott bygg som har gitt ei ansiktsløfting for heile anlegget. Vei og parkeringsareal skal være ferdig til sesongen og då vil anlegget vårt stå fram i ei ny og flott ramme.

Eg ønskjer alle lykke til med ein ny god golfsesong !

Golfhelsing

Kent R. Tryggestad
styreleiar

Biletgalleri frå sesongen 2006:



Namnefaren til Maurstad Open:
Torolv Maurstad



Klassevinnarane i Maurstad open, frå venstre: Alf Werner Karlsen (herrar), Aleksander Brekke (Jr. gut), Romana Moe (damer senior), Anita Nøstdal (damer) og Helge Bruvoll (herrar senior).



Vinnarlaget Maurstad Open, frå venstre: John Matias Garlid, Helge Bruvoll, Alf Werner Karlsen og Torolv Maurstad.



Erik Kjærsgard hadde ein fin dag. Laksen tok han seint på natt, og laget hans vant Skramblebytta.



Klubbmesterar i Nordfjord Golfklubb 2006. Frå venstre: Malin Kolseth, Per Bergheim, Åse Skaugseth, John Matias Garlid, Øyvind Bjørlo og Per Jan Nesbakk



Så får vi håpe at lukka er betre neste år...